



HARDANGER ENERGI AS

Årsmelding  
og  
rekneskap

2024

*"Din lokale energileverandør!"*

## ÅRET 2024

2024 vart eit år med svært varierende straumprisar. Det er stor variasjon gjennom døgn, sesong og mellom landsdelar. Gjennom mellomlandsforbindelsane til kontinentet vert Sør-Norge direkte eksponert for høge straumprisar, medan Nord-Noreg «renn over» av billeg kraft.. Underinvestering i særleg transmisjonsnett, men også på regionalnettsnivå i Norge fører framleis til store områdeprisforskjellar innanlands, og at mange verksemdar rundt om i Norge ikkje får tilgang til den krafta dei treng. Hardanger Energi freistar etter beste evne å manøvrera i desse skiftande rammevilkåra.

Produksjonsavdelinga i Hardanger Energi AS (HEP) fekk i mai 2021 saman med Eviny Fornybar (tidlegare BKK Produksjon) positivt svar på anken til OED på konsesjonssøknad om bygging av Tysso Kraftverk i Ulvik. I november 2024 valde Eviny Fornybar å overdra sin eigardel i prosjektet til Hardanger Energi. Prosjektet vil om lag tredobla HEP sin produksjon i vassdraget. Grunna endring i val av røyrgatetråse, sende Tysso Kraftverk i 2022 inn endringsmelding som må godkjennast av NVE. Etter at HEP overtok prosjektet 100% har ein i samråd med NVE sett på alternative løysingar for å gjera prosjektet betre for alle interessentar.

Våren 2024 stansa produksjonen i gamle Tveitafoss kraftstasjon, og produksjonsavdelinga i Hardanger Energi er godt i gang med å bygga nye Tveitafoss kraftstasjon. Den nye stasjonen skal meir enn dobla produksjonen i eit normalår. Planlagt produksjonsstart er mars 2026.


Me vil takka kundane, dei styrande organ i selskapet, tilsette, forretningskontaktar og samarbeidspartar for godt samarbeid i 2024.

Per Sigurd Hegerland  
Dagleg Leiar

# ÅRSMELDING FRÅ STYRET

## Verksemda

Hardanger Energi AS inngår i konsernet Energiselskapet Hardanger AS som eit 100% eigd dotterselskap av Energiselskapet Hardanger AS.



Eigarar er desse kommunane med slik eigardel:

| Eigar              | Eigarprosent |
|--------------------|--------------|
| Ullensvang kommune | 60,5 %       |
| Eidfjord kommune   | 24,2 %       |
| Ulvik herad        | 15,3 %       |

## Leiing av selskapet

Dagleg leiar i morselskap er einestyre i Hardanger Energi AS. Konsernet har ei ansvarsforsikring som dekker styre og dagleg leiar.

Pr 31.12.2024 er det totalt 8 tilsette.

Fråværsstatistikken viser eit totalt sjukefråvær på 1,52 % og eit kortidsfråvær på 1,52 %. Det har altså ikkje vore registrert langtidfråvær i 2024. Det har ikkje vore registrert personskader som har medført fråvær.

Etter styret si meining er arbeidsmiljøet ved Hardanger Energi AS godt. Det er god kontakt og samarbeid mellom administrasjonen og dei tilsette sine organisasjonar. I 2024 har det vore gjennomført ei trivselsundersøking blant dei tilsette, som jamt over viser god trivsel på arbeidsplassen.

Energiselskapet Hardanger AS er tilslutta Bedriftshelse1 med alle tilsette. Det har i løpet av året vore arrangert tryggleiks- og førstehjelpskurs for driftspersonalet.

Selskapet forureinar i svært liten grad det ytre miljøet. Kraftproduksjonen frå vasskraft er miljøvenleg og vasskrafta er rein og fornybar ressurs utan utslepp som forureinar det ytre miljøet. Anlegg for drift av nettet vert bygt på ein måte som i liten grad påverkar det ytre miljøet på ein negativ måte. Det har ikkje vore uhell i driftsåret som har gitt miljømessige skadar.

### Likestilling

Pr 31.12.2024 var 1 av 8 tilsette kvinner. Dagleg leiar og styreleiar er menn.

Lønsmessig vert dei tilsette vurdert ut frå utdanning, kvalifikasjonar og erfaring. Det skal ikkje vera nokon skilnad i handsaming av menn og kvinner lønsmessig. Snittløna for arbeidstakarar under leiargruppa i konsernet var ved utgangen av 2024 717 tusen for kvinner og 726 tusen for menn.

### Åpenheitslova

Konsernet vil innan 30. juni publisera ein eigen rapport på selskapet sine heimesider der det vert gjort greie for selskapa sine aktsomheitsvurderingar i forhold til negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

## **HARDANGER ENERGI AS**

### **PRODUKSJON**

Hardanger Energi har seks kraftstasjonar stasjonar med totalt 13 aggregat, desse stasjonane har produsert følgjande kraftmengd i 2024:

| <i><b>Kraftstasjon</b></i>                              | <i><b>Produsert mengd i GWh</b></i> |
|---|-------------------------------------|
| Eidesfoss (Jondal)                                      | 18,7                                |
| Folkedal kraftverk (Granvin)                            | 18,0                                |
| Haugafossen (Jondal)                                    | 20,5                                |
| Kinso kraftverk (Kinsarvik)                             | 22,2                                |
| Tveitafoss kraftverk (Eidfjord) – ute av drift frå juni | 3,1                                 |
| Ulvik kraftverk (Ulvik)                                 | 5,1                                 |
| <b>Totalt</b>   | <b>87,5</b>                         |




Biletet syner Tveitafoss Kraftstasjon. Stasjonen vart riven i 2024, og HE bygger ny kraftstasjon som skal stå ferdig i mars 2026.

### Drift og vedlikehald kraftstasjonar

I 2024 vart samla produksjon noko under potensialet, grunna stans i produksjonen i Tveitafoss. Knappe 20 % av årsproduksjonen kom også i august og september i ein periode med negative prisar. Dette påverka produksjonsverdien negativt, men god pris på sal av opprinnelsesgarantiar dempa den negative verknaden noko. Eidesfoss og Haugafoss hadde godt tilsig av vatn pga at Statkraft slapp meir vatn enn normalt i Jondalsvassdraget hausten 2024. I løpet av året har den eine generatoren i Folkedal vore sendt til overhaling. Det same er planlagt for den andre generatoren i 2025.

Bygginga av nye Tveitafoss kraftverk starta opp i 3. kvartal 2024 som planlagt. Nye Tveitafoss vil dobla produksjonen ift den gamle. Hardanger Energi har saman med Eviny Fornybar sidan 2011 arbeidd for å få bygd ny kraftstasjon i Tyssovassdraget i Ulvik. Utbyggingsprosjektet fekk konsesjon av OED i mai 2021. Hausten 2022 vart det sendt inn ei endringsmelding til NVE. Hausten 2024 vart Hardanger Energi og Eviny Fornybar einige om ein avtale der Hardanger Energi løyste ut Eviny av prosjektet, og overtek Eviny sine fallrettar i Tyssø. Forventa investeringsbeslutning for bygging av nye Tyssø Kraftverk er no 2026.

Figuren under syner månadlege gjennomsnittsprisar gjennom 2024:



Hardanger Energi AS organiserer også sal av straum til sluttbrukarmarknaden. Selskapet har om lag 5500 målepunkt til kraftkunder, og sel i størrelsesordenen 111,3 GWh kraft pr år. Mesteparten vert seld i det me kallar lokalt område. Hardanger Energi har ein del større bedriftskunder utanfor konsesjonsområdet, som ein også yter rådgjevingstenester til i tillegg til å levera kraft. Selskapet tilbyr også kraftavtalar med varedeklarasjon frå egne kraftverk, 100% rein vasskraft (opprinnelsesgarantiar). Dette kan gje oss betre pris på opprinnelsesgarantiar enn kva me vil få ved sal i engrosmarknaden.

Selskapet har inngått ein allianseavtale med Wattn om marknadsføring og teknologiutvikling innan kraftomsetning. Kraftomsetnad hadde i 2024 eit negativt driftsresultat på 1,0 mill kr. Det er i 2024 sett i verk tiltak for å avrekna kunder løpande for område- og profilrisiko som er venta å forbetra driftsresultatet for kraftomsetning i 2025.

## Resultatrekneskap og finans

Resultatrekneskapen viser eit resultat før skatt på kr 3.889.648. Årsresultatet etter skatt er for konsernet kr 3.024.779.

### Kommentarar til rekneskapstala:

Driftsresultat for selskapet er kr 13.087.350. Driftsresultatet er lågare enn budsjett, som skuldast lågare produksjonsverdi enn budsjettetert som igjen skuldast både lågare prisar. I tillegg er det skrive ned kr 3.190.451 i restverdi på gamle Tveitafoss kraftverk. Nedskrivninga har ingen kontanteffekt.

Selskapet sin likviditet og soliditet er tilfredsstillande. Bokført eigenkapital utgjer 33,2 % av balansesum, opp frå 32,7 % i 2023.

## Resultatdisponeringa:

Styret foreslår at overskot etter skatt på kr 3.024.779 vert disponert slik:

|   |           |                  |
|---|-----------|------------------|
| Avsett til annan eigenkapital:            | kr        | 0                |
| Overføring frå annan eigenkapital:        | kr        | 4.513.127        |
| Foreslått utbytte:                        | kr        | 0                |
| <u>Avgitt konsernbidrag (etter skatt)</u> | kr        | <u>7.537.906</u> |
| <b>Sum overføringar:</b>                  | <b>kr</b> | <b>3.024.779</b> |

## Finansiell risiko

### Marknadsrisiko

Selskapet er som fylgje av kraftsal i spotmarknaden på NordPool eksponert for endringar i kursen på euro, samt svingningar i kraftpris. Selskapet har kun gjeld i NOK. Lånegjelda selskapet har ved årsskiftet delvis flytande rente, slik at selskapet er eksponert for renterisiko. I Hardanger Energi er det inngått ein 5-årig renteswapavtale på 100 MNOK.

### Kredittrisiko

Historisk sett har det vore lite tap på fordringar, og særleg grunna innføring av straumstøtte er risikoen for at motpartar ikkje har økonomisk evne til å oppfylla sine plikter framleis sett på som låg.

### Likviditetsrisiko

Selskapet si beholdning av likvide midlar har ei stabil utvikling, og styret ser likviditetssituasjonen som tilfredsstillande.

### Områderisiko

Områderisiko oppstår når prisen i vårt leveringsområde skil seg frå systempris, som er referansepris for sikringshandlar. Dette oppstår når det er vanskar med overføringskapasitet mellom områder i straumprisområdet. Fram til no har dette ikkje vorte sikra i marknaden. Framover vil selskapet sikra seg mot områderisiko bilateralt eller ved å avrekne skilnad mellom systempris og områdepris løpande pr time.

### Profilrisiko

Profilrisiko oppstår når ein kunde har inngått avtale om sikring av eit volum, og uttaket av volumet avvik frå sikra volum pr time. Volatile prisar dei siste årene har forsterka denne risikoen. I avrekningssystemet er det no etablert ein modul som gjere at me kan avrekne profilkostnad i skringskontrakter løpande pr time.

### Renterisiko

Med lån med flytande risiko er selskapet eksponert for stigande rentenivå. Selskapet har i 2024 inngår ein rentebytteavtale på 100 mill kr for å redusera renterisikoen.

## Vidare drift

Vidare drift er lagt til grunn for rekneskapen for 2024.

## Kontantstrøm

Me viser elles til kontantstraumsopstillinga i konsernregnskapet.

## Investeringar:

Hardanger Energi har lånefinansiert investeringar i anleggsmidlar gjennom året med låneopptak.

## Framtidsutsikter

Innteninga er på kort sikt forventa stabil i høve til 2024. Finansiell stilling vert vurdert som tilfredsstillande på både kort og lang sikt. Høgare norsk rentenivå enn tidlegare vil gje auka finanskostnader i høve til tidlegare år.

For Hardanger Energi AS er det kraftpris og utviklinga i produksjonsvolum som i størst grad påverkar resultata. Me forventar relativt høge kraftprisar i åra som kjem, noko som kjem til uttrykk i både Statnett og NVE sine langtidsprognosar. Men kraftprisane er forventa å variera mykje, både innad i døgnet og gjennom året. Dette gir særleg kraftomsetning utfordringar knytta til profilrisiko. Det er gjennom 2024 teke grep for å redusere risikoen knytta til dette. For nett er det knytta usikkerheit til tapskostnadene.

Som hovudsakleg produsent av uregulert elvekraft, er produksjonsvoluma avhengig av naturleg tilsig, og vil variera frå år til år. I 2025 og 2026 vil produksjonen vera lågare enn potensialet grunna produksjonsstans i Tveitafoss kraftstasjon.



**Legging av ny røyrgate til nye Tveitafoss Kraftverk**

Kinsarvik, 22.05.2025

Per Sigurd Hegerland  
Dagleg Leiar

Erlend Nornes  
Styreleiar